



Infoskriv frå FAU til foreldra ved Hafslo Barne og Ungdomsskule

Fleire av dykk kjenner nok til mykje av dette frå før. Men nokre endringar er gjort dei siste skuleåra. Nedafor har me lista opp nyttig informasjon til alle foreldra, men kanskje spesielt til dykk som er nye foreldre ved skulen. Under kvart punkt, så har me i FAU skrive nokre kommentarar, **på desse er det brukt kursiv skrift**.

Neste års 1.klasse:

På foreldremøte i Mai (våren før skulestart) vel dykk fire representantar, som skal innehava fylgjande roller, 1 FAU-representant, 2 klassekontaktar og 1 økonomiansvarleg.

Det er viktig at alle foreldre bidreg igjennom skuleåra. Det er også viktig å ha kjønnsbalanse blant representantane. Ytterlegare informasjon om dei ulike rollene finnes nedanfor:

Foreldrerådet:

Alle foreldre som har barn ved skulen er medlem av foreldrerådet. Foreldrerådet skal arbeida for å skapa god kontakt mellom heim og skule, leggja til rette for trivsel og positiv utvikling hos elevane og skapa kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet. Medlemmane pliktar å forholda seg til vedtaka som er fatta av årsmøtet.

Til årsmøtet vert det kalla inn FAU-Representantar og Klassekontaktar for kvar klasse, totalt 3 stk pr klasse.

Foreldremøter:

Eit godt foreldrefellesskap er til det beste for barna. Det er viktig for barna at foreldra interesserer seg for det som skjer i klassen og på skulen.

Eit godt foreldremøte er prega av aktivitet og dialog og ikkje berre informasjon frå skulen.

Delta aktivt på foreldremøta.

Sosialkveldar:

Kontaktlærar lagar liste over kven som arrangerar sosialkveldar, slik at dette går på rundgang. 2 stk pr skuleår, 1 stk pr semester.

Delta aktivt på sosialkveldar.

Foreldrenettverk:

Eit godt foreldrenettverk anbefala blant anna politiet, for å forebygge mobbing og psykososiale vansker, som seinare kan føre til f.eks. kriminalitet, vold og rusproblemer. Ved at foreldre kjenner kvarandre og snakkar sammen, vil ein få bedre oversikt over kva som rører seg i grupper av barn og unge, og me kan hjelpe kvarandre med å ta tak i eventuelle problemer sammen.

Delta aktivt i foreldrenettverket.

Klassekontaktane:

Klassekontaktane er kontaktleddet mellom foreldra i klassen og FAU. Det skal veljast 2 klassekontaktar pr skuleår i kvar klasse.

Val skal gjennomførast årleg innan 15. Mai, dei fleste klassar lagar liste, slik at alle elevar sine foreldre vert klassekontakt i alfabetisk rekkefylgje. Delta aktivt på foreldremøta, ved behov meld saker frå klassen til FAU. Informer på foreldremøte om arbeidet klassekontakt og FAU gjer, i samarbeid med FAU-Representant.

Foreldre sitt arbeidsutval – FAU:

Foreldrerådet vel eit arbeidsutval (FAU) som er foreldra si røyst ovanfor skulen. FAU skal sikre reell medverknad frå foreldre og ha medansvar for at elevane sitt læringsmiljø er trygt og godt.

Vedtekter for FAU finnes i eige dokument:

Val skal gjennomførast årleg innan 15. Mai, men ein vert vald for 2 år om gangen, slik at val gjennomførast i 1., 3., 5., 7. og 9. klasse. På årsmøtet, så vert alle roller konstituert, desse forsøker me å fordele på flest muleg:

-Leiar, Nestleiar, Kasserar, Referent, Medlemmer (6 stk).

-Medlemmer til SU = Leiar, Nestleiar, Medlem fast og Medlem vara

-Ungdomsutval 3 stk

-Andre utval etter behov

Informer på foreldremøte om arbeidet klassekontakt og FAU gjer, i samarbeid med Klassekontakt.

Økonomiansvarlege:

Val skal gjennomførast årleg innan 15. Mai, *det er mest vanleg at ein sit i fleire år, spesielt 7. - 10. klasse. FAU har 10 kontoar i Luster Sparebank med tilhøyrande Vipps nr, desse går på rundgang, slik at når 10. klasse er ferdig, så vert konto gjort opp og overført til neste års 1. klasse, som beheld den i sine 10 år. FAU-Leiar melder inn tilgang til konto og Vipps.*

Samarbeidsutval (SU):

Samarbeidsutvalet (SU) er skulen sitt øvste rådgjevande organ, og her er alle partar i skulen representert: elevar, foreldre, undervisningspersonale, andre tilsette og to representantar frå kommunen, der rektor skal vere den eine. SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen.

Skulemiljøutval (SMU):

Skulemiljøutvalet skal sikre at skulen har eit systematisk arbeid for eit godt skulemiljø. SMU skal vere eit rådgjevande organ for skulen i saker knytt til dette. Elevane, foreldra, administrasjon og tilsette i skulen og ein representant frå kommunen skal vere representert. Foreldra og elevar skal til saman ha fleirtal i SMU. Det er skuleeigar og rektor sitt ansvar at alle rådsorgan blir oppretta og vert nytta i samsvar med opplæringslova § 4.

Heimesida til skulen:

For informasjon om skulen sjå:

<https://www.luster.kommune.no/framside.257264.nn.html>

For informasjon frå FAU sjå også

<https://www.luster.kommune.no/fau-su-smu.257269.nn.html>

Bruk nettsida aktivt.